

Johan Myking:

TERMINOLOGI SOM NORMERINGS- PROBLEM

Ideologiar og prinsipp bak terminologiarbeidet i Noreg

1. Innleiing

Eg har fått i oppgåve å drøfta og komma med synspunkt på kva det vil seia å arbeida med teknisk terminologi i norsk samanheng, jamført med internasjonale tilhøve. Norske terminologiske problemstillingar er ein refleks av internasjonale, fordi terminologiarbeidet i vårt land står i ein internasjonal tradisjon. Eg vil såleis vurdere norsk terminologiarbeid i høve til tre viktige problemfelt:

1) *Terminologi som lingvistisk disiplin*: Norsk terminologiarbeid heng saman med ein internasjonal terminologitradisjon. I denne tradisjonen, som har eit tverrfagleg opphav, finst det fleire vitkaps-teoretiske problem, mellom anna desse: a) Er «terminologi» ein eigen vitenskap, noko autonomt i høve til annan språkvitenskap? b) Er det i det heile legitimt for folk med lingvistikk som arbeidsfelt å sysla med fagterminologisk arbeid, sidan dette arbeidet ikkje først og fremst har *språkbeskriving*, men *språkstyring*, som endeleg mål?

Fagområdet 'terminologi' er ikkje det einaste området innanfor språkvitenskapen som har språkstyring som mål. I høve til andre «språkstyringsdisiplinar» finst det òg visse avgrensingsproblem:

2) «*Fagkommunikative*» behov og omsyn: Terminologiarbeid er ein type språkarbeid som involverer ikkje-lingvistar, og som tek beinveges sikte på å stetta språklege behov hjå desse, med sikte på å effektivisera fagleg kommunikasjon. I drøftingar av terminologiske grunnproblem fin vi derfor ofte uttrykket «fagkommunikativ», «fagkommunikativ effektivitet» osb. Men korleis uttrykket «fagkommunikativ» manifesterer seg i konkrete språklege strategiar, er mindre klart.

3) *Kulturelle, inkl. språkpolitiske, omsyn*: Finst det nokon motstrid mellom terminologi og «allmenn språkrøkt»? Har terminologiarbeid

i Noreg ei «fagintern» eller ei «fagekstern» hovudvekt, og er det nokon motsetnad her?

Vi kjem såleis til å sirkla om ei sentral problemstilling som gjeld samhovet mellom to aktørgrupper, ofte rekna for antagonistar: «fagfolk» og «språkfolk». *Terminologen* kjem her som ein tredje aktør: anten som den ideelle syntesen av dei to andre, eller i klemme mellom dei, etter som ein ser det. Dette gjeld på minst to plan:

1) Rollefordeling og arbeidsfordeling: Kven «eig terminologien», dvs. som teori og arbeidsfelt? (Jf. Loubier 1989.)

2) Språksyn: Dersom det er slik at fagfolk og språkfolk har ulike interesser, botnar dette i «profesjonsspesifikke» skilnader i synet på korleis språk fungerer og skal fungera?

Først eit par definisjonar:

Med *terminologi* refererer eg her til den typen terminologiarbeid som knyter seg til produksjon av fagordbøker og normering av ordtilfang etter hevdvunne fagterminologiske arbeidsprinsipp, og som m.a.o. *sjølv* definerer seg innanfor eit terminologifagleg rammeverk. «Terminologi» som reint deskriptiv-lingvistisk forskning (t.d. Gunnarsson 1990) fell såleis ikkje inn under denne drøftinga, og det gjer heller ikkje t.d. ordtilfangsstudiar innanfor dialektologien. Innanfor det mangslunne feltet som terminologi dekkjer, gjer eg òg ei grensdragning: Eg konsentrerer meg om det som gjeld *uttrykkssida*, med andre ord morfologiske og morfologisk-semantiske aspekt på fagspråkleg orddanning. Reint semantiske og informasjonsteknologiske aspekt fell såleis utanfor denne drøftinga.

Med *normering* meiner vi her det som i terminologisk samanheng oftare heiter *standardisering*. Stikkord er einskapleggjing, variant-avgrensing med sikte på *eintydighet*, eitt uttrykk til eitt innhald og omvendt. Det eksisterer eit «eintydighetsideal», som kanskje er det som framom alt profilerer terminologiarbeid som eigen disiplin. Standardiseringa grip normerande inn i eit fagspråkleg teikn på minst tre nivå:

- uttrykkssida: ortografi/uttale, morfosemantisk bygnad

- innhaldssida: omgrep, tydingsomfang, definisjon
- relasjonen uttrykk-innhald: termvalssituasjonen, tilordning term-omgrep

Særleg ut frå det siste momentet kan vi hevda at terminologinormering har meir vidtgåande mål enn allmennspråkleg ordnormering, det er preskripsjon på eit meir forpliktande nivå. Ein må t.d. ofte *fastleggja* referanse gjennom relasjonen uttrykk-innhald, der allmennspråkleg ordnormering kan nøya seg med å *tilrå*, og ein må ta sikte på å *forby* nokre variantar og *påby* andre. Likevel er sjølvstekt slik normering avhengig av aksept, og vi talar her i utgangspunktet om mål, ikkje resultat.

Døme på terminologiarbeid som fell inn under slik normering er t.d. ordbøkene frå Rådet for teknisk terminologi (RTT) som er redigerte etter standardiseringsprinsipp, sjølv om dei ikkje har nokon juridisk status som påbod. *Bedriftsintern* normering, t.d. av typen Gullfaks-fornorskinga (Terminol-prosjektet, jf. Roald 1986), kjem her heldigare ut. Her stod det institusjonell tyngd bak norma, og situasjonen var såleis tilnærma «ideell», målt etter terminologiske verdinormer.

2. Terminologi som lingvistisk disiplin

2.2 «Terminologiens teori» som referanseramme

Terminologi som fagfelt er mangearta, omfattar mange ulike lingvistiske og ikkje-lingvistiske deldisiplinar og innfallsvinklar, teoretisk og praktisk arbeid. *Praktisk* terminologiarbeid i viktige terminologiorgan som RTT, Språkrådet og Norsk termbank byggjer på eit *språkfagleg* grunnlag, ofte kalla «terminologiens teori» («Die allgemeine Terminologielehre»), i tradisjonen frå den tyske ingeniøren Eugen Wüster (t.d. Wüster 1985). Denne teorien utgjer ei felles internasjonal referanseramme, og kan med nokon rett kallast eit «paradigme» (Kuhn 1970), både for dei som driv forskning og praktisk arbeid på området. Det er innanfor denne «teorien» dei grunnleggjande faglege og vitenskaplege oppfatningane er sette i system. Avhandlinga

Internationale Sprachnormung in der Technik, besonders in der Elektrotechnik (1931) kan reknast som det grunnleggjande verket innanfor denne tradisjonen. I eleven Felber (1986:3) si oppsummering heiter det:

«die allgemeine Terminologielehre von Wüster [ist] eine in sich geschlossene Theorie, die aus der Praxis abgeleitet ist. Wüster fungierte hier als Integrator der heterogenen Elemente verschiedener Forscher und Praktiker, die er zu einer homogenen Lehre zusammenfügte.»

I den grad ein oppfattar Wüster-tradisjonen som eit paradigme, så er det eit paradigme mange ikkje kjenner seg vel med (Sager 1985: 315). På grunnlag av mange kritiske innlegg kan vi tala om at det går føre seg ein terminologisk «paradigmedebatt», først og fremst under presset frå lingvistikken.

Skiljet mellom *vitskap* og *praksis* kan vera noko uklårt. ISO 1087 skil mellom terminologivitskap («t. science») og terminologiarbeid («t. work»). Det siste kan vi setja lik fagspråkleg leksikografi, medan det første vert definert slik:

«The scientific study of the concepts [...] and terms [...] found in special languages [...].» (ISO 1087:12)

Hit høyrer all teoridanning om omgrep, termar, m.a.o. teoridanning om korleis språket (dvs. fagspråket) «er», og teoridanning omkring terminologiske metodar og prinsipp: termdanning, omgrepsrepresentasjon osv. Kort sagt er dette ein kombinasjon av deskriptiv språkforskning og «meta-terminologisk» teoribygging med eit felles mål, å leggja grunnlaget for ein forsvarleg praksis. «Die allgemeine Terminologielehre» bør kanskje heller kallast eit *teoribyggingssprosjekt* enn ein ferdig utvikla teori:

«Objekten für den theoretischen forschung ist begriff und term, dess aufgabe und ziele sind die konstruktion einer theorie der fachterminologie und die verbesserung unserer kunsten um das was ist

gemensamt för termer respektive begrepp» (Nuopponen 1987:76).

Målet for terminologiarbeid kan formulerast som «fagkommunikativ effektivitet», å effektivisera kommunikasjonen mellom spesialistar innom eit fagfelt, nasjonalt og internasjonalt. Standardisering av terminologi byggjer såleis på utvikling av standardiserte terminologiske metodar, som i siste instans må tuftast på visse teoretiske føresetnader – og dei finst først og fremst i språkvitskapen.

2.3 Terminologi og lingvistikk

Det er i dag stort sett semje om at terminologi høyrer inn under fagfeltet anvend lingvistikk (Hoffmann 1985). Likevel ser vi at tilhøvet til lingvistikken og ikkje minst lingvistane er problematisk. Det grunnleggjande problemet for lingvistar som engasjerer seg i slikt arbeid, er såleis om slik *normativ* aktivitet i det heile kan sameinast med det som er grunnlaget for å driva vitskap, nemleg *deskripsjon*. Det normative utgangspunktet, «eintydigheitsidealet» og vektlegginga av den *kommunikative* språkfunksjonen, kan stilla terminologar lagleg til for kritikk: Ein kan hevda at språk er meir enn kommunikasjon, at terminologar lett forvekslar deskriptive og normative aspekt, kort sagt at terminologar lett får eit snevert «instrumentalistisk» syn på korleis språk fungerer. Dessutan har terminologiens teori stilt opp nokre grunnleggjande teser om det fagspråklege teiknet, som tilsynelatande bryt med hevdvunnen språkvitskap. Desse skal vi gå litt inn på (jf. Felber 1984:98 og Wüster 1985):

a) Eit fagspråkleg teikn er *tosidig* (jf. Saussure): Det har eit uttrykk, lik storleiken 'term', og eit innhald, som er lik storleiken 'omgrep'.

b) Terminologi baserer seg på *onomasiologisk* semantikk, storleiken 'omgrep' er primær: «Jede Terminologiearbeit geht von den *Begriffen* aus» (Wüster 1985:1) Det tyder i praktisk arbeid at innhaldsavgrønsing og innhaldsnormering (definisjonsfastlegging) kjem føre uttrykksnormering. Men det har òg ei følgje for teorien, at

c) storleiken 'omgrep' vert tillagd uavhengig og sjølvstendig eksistens, skild frå det språklege uttrykket, og uavhengig av språk:

«Das Reich der Begriffe wird in der Terminologie als unabhängig vom Reich der Benennungen (= Termini) angesehen» (ibid.)

I desse postulata finn vi grunnlaget for praksis, t.d. synonymfjering og termharmonisering: Ein må sjå forbi uttrykkssida for å slå fast om to eller fleire uttrykk er synonyme, det kan ein berre slå fast gjennom semantisk analyse. Vidare finn vi grunnlaget for internasjonal harmonisering av termar: Ekvivalens mellom omgrep i ulike språk slår ein fast etter semantisk analyse, ein ser bort frå forstyrrende innverknad frå uttrykkssida. Men i desse postulata ligg òg grunnlaget for kritikk frå lingvistisk hald: For lingvisten er teiknet ein *solidarisk einskap* av innhald og uttrykk. Med Malmberg (1959:161f.) kan vi hevda at ein konsekvent onomasiologisk semantikk er prinsipielt vanskeleg å forsvare, og vi kan hevda at dei tre påstandane lett endar i det vi med Dyvik (1980:3) kan kalla *omgrepsrealisme*, ei form for platonsk idealisme. Todelinga i innhald og uttrykk gjer at *leksikalsk tyding* lett forsvinn frå skjemaet, og vi får påstandar om at termen «bättre enn ordet [skal vel vera 'allmennordet', JM] [illustrerar] Saussures språkliga tecken» (Laurén 1987:80). Men det er ikkje vanskeleg å vera samd med Nikula (1989:2f.) i at denne todelinga er ei overforenkling: Leksikalsk tyding kan ikkje berre definerast vekk. Dei fleste problem med tilknytning både til innhalds- og uttrykksanalyse og -normering er språkvhengige på eitt eller anna vis.

Terminologiarbeid har det historiske opphavet sitt i «pragmatisk» arbeid i fagmiljøa sjølve, og vert framleis ofte drive utan lingvistisk medverknad. Det finst mange døme på kritikk mot lingvistar, at dei har vist heller lita interesse for å stå til teneste for terminologane med kompetansen sin (t.d. Sigrún Helgadóttir 1987:111) Men samstundes kan vi sjå at lingvistisk orienterte terminologar ofte har kjent trong til å *legitimera* terminologi som lingvistisk disiplin, og dermed verta godkjende av lingvistane som rette yrkesbrør.

Ei følge av dette er at mange kjenner trong til å arbeida ut eit fagleg fundament for terminologi, basert på moderne lingvistisk erkjenning (Rondeau 1982, Fraas 1989, Kocourek 1981). Terminologi er ikkje den einaste språkvitskaplege disiplinen som har eit tverrvitskapleg opphav, der dette opphavet fører til vitskapsteoretisk grunnlagsdebatt. Eit nærliggjande døme er debatten om kvantitative

metodar og samfunnsvitskapelege (les: framande) paradigme innanfor sosiolingvistikken. Ingen tvilar likevel på at det her er tale om *språk-beskriving*, eller at «paradigmedebatten» innanfor slike disiplinær i alle høve går føre seg *innanfor* lingvistikken. Vi ventar ikkje å finna titlar på formelen «lingvistik og/eller sosiolingvistik», slik vi opplever når det gjeld terminologi:

«Linguistics and Terminology» (Rondeau 1982)

«Terminologiebetrachtung – Sache der Fachleuten oder der Linguisten?» (Fraas 1989)

Slik sett kan vi kanskje hevda at det tverrvitskapelege opphavet har vore til større indre plage for terminologien enn for andre språkvit-skapelege «bindestrekdisiplinær». Og dette problemet får næring av at den viktigaste terminologiske «skuledanninga», den mest reindyrka «Wüster-tradisjonen», heilt medvite prøver å definera terminologi som noko meir og *kvalitativt annleis* enn språkvitenskap:

«Viele Sprachforscher und –praktiker, aber auch andere Forscher, sind noch immer der Meinung, daß die Terminologieforschung nur zur angewandten Sprachwissenschaft gehört. Sie wollen nicht wahrhaben, daß es etwas Außersprachliches in der terminologie gibt, daß sehr wesentlich für diese Forschung ist. Daher bleiben sie innerhalb der Grenzen der Sprachwissenschaft, ohne diese zu überschreiten, was nötig ist, um die Erscheinungen des Terminologiewesens adäquat beschreiben zu können» (Felber 1986:2)

Det språkvitenskaplege grunnlaget for terminologilæra er sterkt prega av strukturalistisk tankegang. Dette er historisk betinga, og heilt rimeleg. Teoriane om semantiske felt, som vart utvikla frå 30-talet av, utgjer framleis eit viktig grunnlag for terminologilæra sitt syn på organisering og utforming av omgrepssystem og –strukturar. Og dei beskrivingsmetodane for ordlaging som dominerer i arbeid om terminologi, er meir morfemikk-orienterte enn prega av nyare grammatiske modellar. Lingvistar kan altså lett hevda at terminologi-læra er prega av forelda teori, og såleis har hamna i *teoretisk*

isolasjon. Først og fremst gjev dette terminologien eit nokså *statisk* språksyn, knytt til «eintydigheitsidealet»: Velordna, motseiingsfrie omgrepssystem, skarpt avgrensa og kontekstfrie definisjonar, og gjennomsiktlige, lett skjønlege termar er både eit ideal og noko som er mogeleg å oppnå.

Fram til 80-talet kan det registrerast visse tendensar til å vilja tilpassa og ajourføra terminologilæra i høve til moderne generativ grammatikk, som då vart rekna som det leiande språkvitskaplege «paradigmet» (Rondeau 1982:3, Kocourek 1981:219). *Nyare* arbeid kritiserer i staden terminologilæra for å ta for lite omsyn til nyare pragmatisk-kommunikativ tekstlingvistikk, som meir og meir gjer seg gjeldande innanfor fagspråkforskinga. Slik lingvistikk bør etter denne kritikken få innverknad på den generelle språkoppfatninga: Vagheit, dynamikk, «Uneinheitlichkeit» må anerkjennast. Innverknaden må dermed òg gjelda den deskriptive framstillinga av omgrepsrelasjonar og system – dermed òg på sjølve standardiseringa. (Jf. Fraas 1989:108f.)

Denne utviklinga avspeglar altså dels at det vi noko upresist refererer til som «generativ grammatikk» kanskje ikkje lenger er fullt så einerådande som lingvistisk paradigme, og dels at teoribygginga innanfor terminologi dels har «hoppa bukk over» dette paradigmet. Og ikkje minst viser dette at den lingvistiske kritikken av terminologilæra si «statiske» språkoppfatning ikkje kan ha vore heilt urettvis: «Eintydigheitsidealet» heng historisk i hop med *teknisk* og *naturvitskapleg* terminologi, jf. Wüster. Ein har no vorte merksam på at meir kulturavhengig og samfunnsfagleg terminologi set eintydigheitskravet på langt sterkare prøver enn det teknisk terminologi gjer. Det er ikkje anna å venta enn at dette må få følgjer for det terminologiske «paradigmet» (t.d. Riggs 1989:93f.).

Oppi denne debatten synest det òg å vera uavklåra kva status «terminologiens teori» egentleg kan gjera krav på. Hauschild (1989) kritiserer skarpt oppfatninga av storleiken 'omgrep' i terminologilæra, og går då ut frå at terminologiens teori er ein eigen, *autonom språkteori*. (Og altså: ein språkteori med forelda ideal). Andre ser «teorien» i si noverande form meir som ei samling *systematiserte arbeidsprinsipp*:

«Devant l'absence de théorie cohérente et de pratiques constantes, nous sommes obligée de conclure, un peu sombrement, qu'aucun consensus ne semble actuellement possible pour établir les fondements de la terminologie, et cela continue de nous faire douter de son caractère scientifique, lequel d'ailleurs ne cesse d'être remis en question depuis le débuts de son existence. Pour l'instant, la terminologie demeure un domaine très empirique qui repose sur quelques principes de base objectifs [...]» (Loubier 1989:9)

Dette synet samsvarer med synet på terminologiens teori som eit «prosjekt» (ovanfor). Det står altså att ein del vitskapsteoretisk arbeid, men ein treng ikkje å gå god for tvilsame teoretiske postulat i ein språk teori for å kunna driva forsvarleg praksis. Det er t.d. lett å gå med på at 'omgrepet' er primært som *ordningskriterium* i terminologisk arbeid (eller i allmennleksikografisk, for den del), t.d. for å slå fast om det ligg føre synonymi eller ikkje. Men ein har ikkje derfor plikt til å vera omgrepsrealist i sitt vitskapssyn, ein treng altså ikkje meina at omgrep *eksisterer* uavhengig og primært. Terminologen kan her jamførast med dialektologen. Ordinnsamling etter onomasiologisk *metode* treng ikkje føra til slike vitskapsteoretiske problem. Trass i at Malmberg (op.cit.) kritiserer onomasiologien prinsipielt, ser vi ikkje at han tek avstand frå onomasiologisk prega forskning: «Ord- og sakforskning måste gå hand i hand» (Malmberg 1959:86). Denne sontringa er altså alt anna enn ny, men terminologilitteraturen kan kritiserast for at ho kjem for dårleg fram.

Om desse problema berre kjem av mangel på presisjon, er uklårt. Dei kan òg vera resultat av at desse grunnsetningane har tent som «profileringsmerke» for terminologimiljøet, m.a.o. har *teoretiske* grunnsetningar tent eit *sosiologisk* føremål – å profilera terminologien som noko autonomt i høve til lingvistikken (jf. Nikula 1989:2). Her må vi då berre slå fast at det har vore svært uheldig, og nokså nyttelaust, at ein har prøvd å gjera eit «paradigme» ut av påstandar som både står lagleg til for hogg frå lingvistikken, og som heller ikkje er uunnverlege i praktisk, forsvarleg terminologiarbeid.

Den britiske filosofen Margaret Masterman, som har prøvd å klårgjera paradigmeomgrepet til Kuhn, skil mellom tre typar: meta-

fysiske, sosiologiske og «artefact» paradigme (Masterman 1970:65). Kor godt paradigmeomgrepet «passar» på disiplinen terminologi, er éi sak. Men tilfellet terminologi er faktisk ein god illustrasjon på kvifor paradigmateteorien ofte verkar så *tillokkande*: Terminologi som språkleg aktivitetssområde *har* jo mange av dei kjenneteikna Masterman reknar til eit sosiologisk paradigme: «a universally recognized scientific achievement», dessutan eigne tidsskrift, eigne konferansar, visse «set[s] of scientific habits» (1970:66). I dette biletet kan Wüsters *Internationale Sprachnormung* telja som «artefact»-paradigme. Det er dei meir metafysiske spekulasjonane derimot, t.d. om språkteiknet, som har gjeve terminologimiljøet dei største vanskan. Men oppe i alt dette finst det altså eit teoribyggingssprosjekt som utgjer ei felles referanseramme for eit miljø, trass i alle interne vanskar. Det Masterman kallar for det originale ved det sosiologiske paradigmeomgrepet, er på mange måtar illustrerande for «terminologiens teori»: «The paradigm is something which can function when the theory is not there.» (1970:66).

3. Norsk termnormering: Ideologiar og prinsipp

3.1 *Ideologi vs. prinsipp*

Eg bruker her omgrepet 'ideologi' lite pretensjøst. Dersom vi tillempar prinsippoppstillinga hjå Vikør (1988:108ff.), kan vi seia at det som gjeld allmenne kultursyn, allmenne mål, verdiar, språksyn og sjølvforståing, dvs. om alt som gjeld overordna grunnsyn og ideal fell under «ideologi», medan prinsipp i framstillinga mi kjem til å gjelda språkinterne prinsipp, konkrete og metodiske retningslinjer for det praktiske arbeidet. I føremålsparagrafen for Stiftelsen RTT kan vi lesa ut noko om både ideologi og prinsipp for det norske terminologiarbeidet:

«Stiftelsen RTT har til oppgave å arbeide aktivt for *klarhet, entydighet og ensartethet* i en fagterminologi som er *hensiktsmessig for norske forhold*» (ustr. JM)

Her er det slege fast at hevdvunne terminologiske prinsipp skal gjelda for norsk terminologiarbeid, men utan at det er sagt noko om prioritering mellom ulike oppgåver. I ein rapport med utspring i røynsleane frå Terminol-prosjektet midt på åttitalet finn vi derimot eit klårt standpunkt til kva den viktigaste oppgåva for norsk terminologiarbeid er:

«[...] Terminolprosjektets oppgave har vært å lage *avløsere* for eksisterende engelsk terminologi. I realiteten er dette hovedoppgaven for norsk terminologiarbeid i dag.» (Roald 1985:33)

Terminologiarbeid i Noreg er altså langt på veg synonymt med ordnormering, og det er i sin tur synonymt med avløyning. Store delar av norsk språkrøktmiljø vil truleg vera samde i den prioriteringa som kjem fram i sitatet ovanfor. Dette *avløysingsperspektivet* har to dimensjonar, som samsvarer med den norske språksituasjonen: Først og fremst gjeld det i tilhøvet mellom *engelsk* som terminologileverandør og *norsk* som terminologimottakar. Men perspektivet *avløyning* er òg heilt sentralt i det vesle som er gjort med oppdyrking av ein *nynorsk* fagterminologi. Her er det viktigaste arbeidet å laga nynorske ekvivalentar, først og fremst i fagordbøkene frå RTT. Vi kan hevda at desse to dimensjonane har ein del felles problem.

3.2 Terminologi vs. «allmenn språkkultur»

Det er inga overdriving å seia at særleg *fagfolk* i terminologiarbeidet reint subjektivt opplever tilhøvet til «allmenn språkrøkt» som eit problem. Utan å ta stilling til om den følgjande påstanden er rettkommen, kan vi slå fast at han er representativ:

«Det må vera gildt for dei som står attom språkvettreglane at *deira* budskap har slått gjennom så grundig at det er vanskeleg for ein ingeniør å krevja rett og rom for *sin* stil og *sitt* språk» (Christensen 1986)

Vektlegginga av omsynet til »fagleg kommunikasjon«, og det at dei gjennom tett samarbeid er påverka av dette «fagfolksynet», fører ofte

til at terminologar òg utviklar eit sterkt behov for å distansera seg frå alt som har med «kultur» å gjera (jf. Myking 1989a). Ein vil unngå å legitimera arbeidet sitt med kulturelle omsyn, dels av taktiske, dels av (kanskje) ideologiske grunnar. Det ser ut for å vera ei grunnleggjande haldning at «kultur» og «økonomi» er vanskelege å harmonisera, i alle fall er problemstillingar av den følgjande typen ikkje uvanlege:

«En viktig målsetting ved norsk terminologiarbeid kan følgelig tilordnes vern om nasjonalspråk og kultur, noe som reiser følgende spørsmål: er dette terminologiarbeidet forenlig med næringslivets og forskningens krav til økonomi og effektivitet?» (Roald 1987b:91)

No treng det sjølv sagt ikkje vera nokon reell motsetnad mellom kulturelle *grunnngjevingar* og fagspråkspesifikke *arbeidsprinsipp*. Men dette er likevel eit spenningstilhøve i fleire språksamfunn enn det norske:

«När en fackman vänder sig till allmänheten (och dit måste också fackmän från andra områden ofta räknas), måste han huvudsakligen arbeta inom allmänspråkets ram – en ram som ingalunda är så snäv som många vill låta påskina» (Molde 1976:6)

Sitatet her galdt opphavleg popularisering, ikkje fagintern kommunikasjon, men kan lett overførast til reelle normeringsproblem internt i fagspråk. Spørsmålet er då: Skal det gjelda andre stilnormer i fagspråk enn i allmennspråket, er den allmennspråklege ramma verkeleg vid nok til å dekkja alle faginterne behov? Her kunne ein innvenda at spørsmålsstillinga er feil: Er allmennspråk og fagspråk verkeleg gjensidig utelukkande – bør vi ikkje heller sjå fagspråk som ein *del* av allmennspråket? Dette synet er svært vanleg i dag. I så fall er stilnormene i fagspråk *inkluderte* i det totale stilistiske repertoaret som fagspråk femner om, og motsetnaden er falsk. Men denne innvendinga løyser ikkje sjølve problemet: Krev fagintern kommunikasjon andre stilnormer og ordnormeringsprinsipp enn dei

som er gjengse i fagekstern kommunikasjon, mellom ikkje-spesialistar?

Spørsmålet om stilidealet har særleg vore knytt til problemet *nominalisering* (t.d. Spang-Hanssen 1983). Dette er velkjent i norsk språkkultur, men er verken eit særnorsk eller særnordisk fenomen. Her kan vi stilla opp noko nær eit «aksiom»: For ein terminolog vil det vera innlysende og udiskutabelt at substantivkonstruksjonar i visse samanhengar er uunnverlege, t.d. som indeksar og som oppslagsord i ei fagordbok. Tilfellet *nynorsk* termnormering kan gje eit utgangspunkt for diskusjon. Kravet om nominalisering kan som vi veit støyta mot normtradisjonen i nynorsk. Nokre av dei stigmatiserte affiksa i nynorsk er samstundes mellom dei mest produktive nominaliseringsmekanismane både i fagspråk og allmennspråket, særleg gjeld dette – *heit*.

Eit allmenngyldig terminologisk normeringsproblem kan då gjevast ei spesifikt nynorsk utforming: Kan det forsvarast å stilla opp spesifikt *fagspråklege* behov som rettferdiggjjer ei meir liberal innstilling til «forbodne» ord og orddanningsmekanismar enn det ein vil godta i allmennspråket? Ein kan gå ut frå to ulike premiss:

Premiss 1: Nynorsk er ferdig utbygd. Dette hevdar forfattaren av *Juridisk ordliste* (Olden 1985:5), og dei konkrete løysingane hans respekterer nynorsk normtradisjon i svært høg grad – inkludert omskriving.

Premiss 2: Nynorsk er ikkje ferdig utbygd. Ein heilt ny artikkel om nynorsk filosofisk fagspråk dokumenterer korleis normtradisjonen fører med seg løysingar som ofte er grammatisk og semantisk uakseptable (Vikør 1990).

Ein kan t.d. ta for seg ordet *bearbeidbarhet*, NN *tilarbeidingsevne*, jf. NTO: «Dei eigenskapane hos eit materiale som gjer at det kan tilarbeidast plastisk.»

Sidan dette skal vera ein term, kan vi altså ikkje triva til den tradisjonelle måten å løysa problemet på, omskriving. Ein substantivkonstruksjon er heilt nødvendig, men då bokmålskvaliteten inneheld tre «forbodne» affiks i kombinasjon, har ein her bygd opp ein NN avløyser med andre leksikalske byggjesteinar, ein har m.a.o. gjeve termen ein heilt annan motivasjon (morfosemantisk struktur) enn bokmålstermen. Om han i tillegg til å vera strukturelt akseptabel

er *semantisk* akseptabel, kan berre avgjerast av definisjonen – i dette tilfellet er det faktisk grunn til å tvila. Vikør (1990:41) har vist at dette kan gå begge vegar (jf. òg Myking 1989b).

Om det verkeleg er nødvendig å nytta same term i begge målformer, er ein føresetnad som kan diskuterast. Mange vil meina at det er det:

«Eg meiner det bør krevjast svært sterke argument for å nytta ein annan term i nynorsk enn den som er teken i bruk i bokmål, anten dette no er eit ekte bokmålsord eller eit vanleg framandord av gresk-latinsk rot.» (Christensen 1986)

Ein lingvistisk premiss kunne her t.d. vera at *ulik form* alltid disponerer for *ulikt innhald*, eller i alle høve for ulik tolking. Og vi kunne vidare resonnera at sidan desse to variantane er *standardiserte* og *bruken* av dei såleis forpliktande, bør korrespondansane mellom innhald og uttrykk vera identiske for begge målformer under eitt, elles kan forståinga av omgrepsinnhaldet verta skipla. Slik standardisering utgjer nok eit viktig press mot nynorsk i dag, nett fordi standardisering set grenser for kva rådgerder ein kan triva til. Det må vera eit slikt press som gjer at Språkrådet t.d. har tillate (hybrid)ordet *anbud* i norsk, fordi *anbud* og *tilbud* i BM ikkje er fullt synonyme (for definisjonar, jf. t.d. *Norsk markedsføringsordbok*):

BM tilbud	NN tilbod	NN tilbod 1
BM anbud	NN anbod	NN tilbod 2

Eit anna og meir «halv-autentisk» døme har eg henta frå materialet ved Norsk termbank. Definitoriske drag til høgre:

BM sikkerhetsventil	[+Opning under trykk]
BM sikringsventil	[+Stenging under trykk]
NN sikringsventil	[+Opning under trykk]
NN tryggingsventil	[+Stenging under trykk]

Her kan altså nynorskbrukaren velja den *lydlike* forma *sikringsventil*, som er *leksikalsk* nærsynonym men *definitorisk* antonym i høve til

bokmålsvarianten. Eller han kan velja den *lyd-ulike* forma *tryggings-ventil* som gjev eit meir ugjennomsiktig korrespondansetilhøve mellom innhald og uttrykk i nynorsk og bokmål under eitt. I begge tilfelle kunne ein då argumentera med at dette ville bryta med «eintydigheitsidealet», og dermed med noko av *essensen* i den fagspråklege oppsedinga ein gjerne vil gje språkbrukaren, altså fagmannen. (At slike leksikalske distinksjonar truleg ikkje er så sterkt utnytta, ser vi her bort frå.)

Ein kan altså hevda at tradisjon og sjølvråderett for den eine målforma er eit hinder for fagleg kommunikasjon i ein felles samanheng. Men dette er sjølv sagt ingen naturgjeven konklusjon, og det er heller ikkje knesett i internasjonal standardisering. I internasjonal standardisering er det tvert om slege fast at

«No pressure shall be exerted on individual languages to adopt means of term formation that are alien to their structure» (ISO WD 860:9)

Skal vi gå ut frå det grunnleggjande språkvitskapelege synet at tilhøvet mellom språkleg uttrykk og innhald er vilkårleg, og at alle språkvarietetar prinsipielt sett er funksjonelt likeverdige, kan vi altså ikkje seia at det er nynorsken sitt termdannande *potensial* det er noko i vegen med, så lenge viktige sosiolingvistiske føresetnader for normering ikkje er oppfylte. *Statusen* for målformene er ulik. Nynorsk terminologi har ikkje aktiv støtte i fagmiljøa, berre i språkmiljøa, medan bokmålet har støtte begge stader. Nynorsk normtradisjon får dermed ikkje høve til å leggja premisser for normeringa av bokmål, slik bokmålet får for nynorsk. I bokmålet rår derfor *usus*, same om det er språkleg gale, medan nynorsk står i ein «parasittisk» omsetjingsstatus: Sjølv om ein nynorskterm kanskje skulle vera språkleg og semantisk betre enn bokmålstermen, så vil ikkje dette vera eit fullnøyande argument for å leggja nynorsktermen til grunn i bokmål. Dersom nylaging og brot på *usus* er ei fagspråkleg ulempe (jf. RTT Retningslinjer:10 og nedanfor), så er det altså nynorsken som må ta denne ulempa i større grad enn bokmålet. Norsk terminologinormering manglar altså ein klår strategi for korleis nynorsk og bokmål

kan sjåast *under eitt* når termar skal normerast, og det er ikkje først og fremst eit språkinternt problem.

3.3 Terminologi og «fag»

Vi har nemnt at terminologiarbeid er sterkt knytt til fagfolk, til brukarane sjølve. Det er ikkje anna å venta enn at fagfolka opplever si eiga rolle i dette arbeidet som overordna språkfolka. Vi kan tala om eit «fagfolkssyn», om lag slik:

«Terminologi er ein del av faget, ikkje først og fremst ein del av språket» (Christensen 1986), «Innen teknisk terminologi vil det aller meste av arbeidet falle på fagfolkene, i første rekke ingeniørene, og bare en liten del på filologene [...]» (Lydersen 1987a:73)

No er det ingen, anten i norsk eller internasjonal samanheng, som vil vera usamde i at eit forsvarleg og seriøst terminologiarbeid krev innsats frå begge partar. Eugen Wüster var både ingeniør og utdanna i språkvitskap. Trass i alle vitskapsteoretiske problem dette hopehavet måtte gje opphav til, så er framleis denne doble kompetansen er eit vakkert ideal med tanke på praktisk terminologiarbeid. Vektlegginga av dei ulike rollene skiftar med eigen ståstad, men språkplanleggingsfolk som skriv om problemet, legg vekt på at partane anerkjenner kvarandre og er likeverdige partar i eit samarbeid (Vikør 1988:157). I dette skil dei seg knapt frå kollegaer i andre språksamfunn.

I miljøet ved Norsk termbank dei siste åra kan vi godt tala om at dette samarbeidet utgjer eit kjernepunkt i «profileringa». Ein hevdar ofte at språkfolka i terminologiarbeidet må arbeida i grenselandet for sin eigen kompetanse, og grenselina kan ofte vera krevjande og vanskeleg å dra:

«...man [må] være seg bevisst at man har å gjøre med spesialister på et like høyt nivå som en selv. Dette synes ofte å være noe vanskelig å innse for filologer, som – gjennom sine studier, yrkesforventninger og praksis – synes å ha innebygd

en lærerrolle, og dermed en tendens til å behandle ikke-filologer som elever [...] samarbeidet med oppdragsgiver krever at man utvikler et bevisst og kritisk forhold til sitt eget fag og sin egen rolle som fagperson» (Svindland 1987:21)

Djupast sett kjem vi til sist inn på problemet om kva type *innsikt* som er primær i terminologisk arbeid, om det er fagmannen si innsikt i eige fag, eller lingvistens innsikt i språkssystem og språkvitenskapleg metode. Fagtermar er sjølvstøtt ein del både av «faget» og av «språket», jf. sitatet ovanfor. Dei er naturlege språkteikn underlagde dei same bruksvilkår som andre ord. Det metodiske apparatet som krevst for å samla, systematisera, normera og spreia termar, må såleis vera tufta på lingvistisk teori. Fagmannen og hans språkkjensle er den viktigaste kjelda til fastlegging og normering av «usus», først og fremst på innhaldssida, men òg på uttrykksida. Vi kan såleis jamføra tilhøvet mellom terminolog og fagmann med tilhøvet mellom lingvist og informant. Men i høve til andre greiner av språkvitskapen står likevel ikkje-lingvisten her i ei dobbelrolle i høve til lingvisten: Fagmannen er både *informant* og *oppdragsgjevar* for terminologen.

Det primære må her vera at terminologiarbeidet vert drive etter metodiske prinsipp som sikrar at standardisering skjer på grunnlag av noko meir enn berre laus intuisjon. Kva *yrkesrolle* dei har, dei som forvaltar denne kunnskapen, må her kallast sekundært.

3.4 Purisme som rettesnor

Om norsk terminologiarbeid byggjer på ei puristisk line ideologisk sett, er sjølvstøtt eit spørsmål om korleis vi definerer purisme. Som planleggingsprinsipp i norsk terminologiarbeid kan truleg purismen karakteriserast slik, om vi berre ser på norsk under eitt i høve til framandspråk:

a) Purismen er *selektiv*: Han er retta mot engelsk påverknad, ikkje mot (fag)ord av gresk-latinsk opphav og materiale. Det er eit paradoks at det er slik, og at det så sjeldan vert problematisert (jf. Papazian 1988).

b) Purismen er prøvd definert som «*anti-reaksjonær*», dvs. ikkje retta mot slike lånord som alt er innarbeidde og strukturelt inte-

grerte. Dette heng saman med tendensen til å avgrensa seg mot det ein oppfatar som snevert «kulturelle» motiveringar, som vi var inne på. Ein slik «usus-purisme» får eit representativt uttrykk i Terminol-rapporten:

«La oss for ordens skyld presisere vår bruk av «fornorsking». Med «fornorsking» menes at det skal innføres bruk av norsk, herunder terminologi, på Gullfaks A. Det dreier seg ikke om å gjøre norsk «norskere» ved å eliminere bruk av lånord (ord av fremmedspråklig opprinnelse) som allerede utgjør en del av norsk ordforråd.» (Roald 1986:9)

c) Purismen er såleis *sosialt motivert*, retta inn på å gjera terminologien lett skjønleg. Der purisme står i motstrid til forståings-omsynet, får det siste prioritet, jf. nedanfor.

Ordpurismen i norsk terminologiarbeid er såleis ein refleks av gjengse synspunkt i norsk språkrøkt frå Aasen og Knudsen sine dagar, med eller utan indre motseiingar. Ei slik «usus»-prega haldning til purisme samsvarer godt med den politikken internasjonale terminologiorgan legg opp til, jf. nedanfor. Og den sosiale motiveringa for purisme harmonerer fullt ut med det allmenn språkrøkt står for, t.d. Skadberg når han seier at skilnaden mellom allmennspråk og fagspråk ikkje må verta for stor (Skadberg 1987: 208).

Sidan føremålet med terminologiarbeid internasjonalt er å sikra ein effektiv kommunikasjon over landegrensene, er det heilt naturleg at spørsmål som knyter seg til internasjonal harmonisering har spelt ei stor rolle. Wüsters interesse for esperanto og for gresk-latinsk ordtilfang var typisk for tidleg terminologiarbeid (Laurén 1987:22f.), og avstanden til Tauli-inspirert «instrumentalisme» var kanskje ikkje så stor. Men her har det gått føre seg ei klår utvikling mot meir balanserte avvegingar av det ønskjelege mot det mogelege og metodisk forsvarlege. (Jf. t.d. den gamle og den nye ISO 860, Myking 1989b.) Forsøk på å diktera ei internasjonalistisk line i dei einskilde landa sine ordnormeringsspørsmål finn vi ikkje i dag. I utkastet til ny ISO 919 (1985:15) fanst det såleis ei stund ein passus om at

«Loan words shall be accepted along the same lines as in common language» (ISO 919:15)

Her ligg det ei *avveging* mellom omsynet til internasjonalt harmonisert vitenskapleg terminologi, og den fageksterne målsetjinga om å minska avstanden mellom fagspråk og allmennspråk. Det finst som kjent ei «arbeidsdeling» mellom nasjonale og internasjonale variantar i svært mange norske fagspråk, først og fremst i vitenskapsspråk. RTT har gjeve dette ei «ideologisk» grunngjeving i dokumentet *Retningslinjer*, som er svært prega av tyskspråkleg terminologitradisjon. Der viser denne avveginga seg som ei avgrensing på det overordna prinsippet om eintydigheit (mononymi):

«Alternative termer (synonymer) for et begrep er en belastning og bør unngås. [...] Etablerte internasjonale termer kan danne et unntak. For «vanskelige» ord bør en finne et norsk synonym, f.eks. til bruk i offentlige eller mer populære framstillinger. Eks.: samsvarende, kompatibel.» (RTT Retningslinjer:10, jf. Hegland 1982:63 for identisk standpunkt.)

Purisme, anten grunngjevinga er sosial eller kulturell, kan i utgangspunktet karakteriserast som eit typisk fageksternt krav, noko som vert pålagt av dei overordna kulturelle normene i språksamfunnet, og som fagspråkleg orddanning berre må godta utan vidare, dersom klimaet for det er sterkt nok. På hi sida kunne termharmonisering med store verdsspråk som engelsk såleis seiast å vera faginternt. For fagfolk tel ofte *gjenkjenningseffekten* med utanlandske termførelegg sterkt, og det er frå fagfolk slike synspunkt har vore fremja sterkast i norsk samanheng. Slik Aksel Lydersen (jf. òg Christensen 1986):

[Den ideelle termen] «gir umiddelbart assosiasjoner til den tilsvarende termen i ett eller flere av de viktigste fremmedspråkene» (Lydersen 1987a:71, dessutan 1987b:92)

3.5 Tilhøvet språk-språkbrukar

Terminologiarbeid reindyrkar den kommunikative (referensielle) språkfunksjonen. Tre prinsipp som Vikør (1988) stiller opp under denne overskrifta, har i særleg grad med dette å gjera. Spør vi om terminologilæra har eit «instrumentalistisk» språksyn, så er det desse tre prinsippa vi må ta utgangspunkt i.

Støyfridomsprinsippet går ut på å fremja og bruka ordformer som vert oppfatta som minst mogeleg markerte og avvikande, slik at kommunikasjonen vert mest mogeleg effektiv og «knirkefri». I terminologisk samanheng finn vi svært ofte nemningar som «frik-sjonslaus» o.l.: [...] Men samanfallet er verken absolutt eller fullstendig, i og med at mange andre faktorar enn stilistiske er med og skaper «kommunikativ friksjon».

Rasjonaliseringsprinsippet «går ut på å strømline språket mest muleg, gjere det effektivt, stringent og mest muleg objektivt» (Vikør 1988:130). Her kjenner vi att terminologilitteraturen sine formuleringar om «rasjonell» og «økonomisk» kommunikasjon. Termen «økonomisk» kan svært lett tolkast både som «språkøkonomisk» og meir bokstaveleg som «kostnadssparande». Ofte kan ein få ei kjensle av at desse to tolkingane glid i hop.

Desse to prinsippa er i røynda berre underordna variantar av *usus-prinsippet*. Vikør (1988:129) koplar dette prinsippet nært til prestisjeprinsippet, som då i norsk samanheng først og fremst skal vera forvalta av riksmålsrørsla. Her vert den allmennspråklege penselen for brei. Kjerna i den terminologiske varianten av *usus-prinsippet* er heller at etablert bruk innanfor eit *definert fagmiljø* (ei brukargruppe) ikkje skal endrast eller utfordrast utan svært sterke årsaker:

«Established usage shall be observed whenever possible»
(ISO/TC/37/SC 2 N 116 EN, 1989)

«En allerede innarbeidet term bør ikke uten sterke grunner forandres. Det vil ofte føre til faglig forvirring. Likevel bør ukritisk importerte termer som ikke passer inn i norsk, få en alternativ norsk form» (RTT Retningslinjer:10)

Usus må altså forståast som *fagintern usus*. Det finst i det heile teke i internasjonal preskripsjon ein tendens til å sjå *nylaging* som ein fare for fagspråkleg kommunikasjon – og her kan ein t.d. ha i minne tilhøvet mellom BM og NN, jf. ovanfor. Usustenkinga står såleis i opposisjon ikkje berre til andre allmennspråklege prinsipp, men til heile det komplekse settet av interne og eksterne prinsipp som internasjonale terminologiorgan sjølve har utvikla.

Det interessante er dermed å sjå på kva slags *grenser* desse andre prinsippa set for ususprinsippet: Kva vilkår er det som avgrensar, tillet eller gjer nødvendig *nylaging*, *revisjon* og *utskifting* av termar? Når er det av *språklege* grunnar ikkje mogeleg å ta omsyn til etablert bruk? Når det gjeld norsk, har vi alt gjeve svar: Purisme og fornorsking har prioritet over usus i tilhøvet til *engelsk*, men elles er biletet meir samansett. Konkrete døme viser likevel at dette slett ikkje er spenningsfritt i praksis: Det er lett å ettervisa at di meir Språkrådet har vore inne i biletet i arbeidet med fagordbøker, di svakare står omsynet til usus når det kolliderer med overordna språkleg–kulturelle omsyn. Dette gjeld både norsk i høve til engelsk, og nynorsk i høve til bokmål. Eit døme på dette er Vikør: NOTAT.

4. Interne prinsipp

Med grunnlag i kjeldene kan vi skilja ut seks prinsipp som er viktige, ikkje fordi dei alle er like allment godtekne, men fordi dei står sentralt i diskusjonen både nasjonalt og internasjonalt:

- 1) Eintydigheit
- 2) Klårleik
- 3) Presisjon
- 4) Økonomi
- 5) Språkstrukturelt samsvar
- 6) Gjennomsikt/sjølvforklaringsevne

Desse krava kan tillempast på einskildtermar, på heile termsystem, eller som allmenne språkbrukskrav med verknad både for term- og

tekstnivå. Desse omsyna glid ofte over i kvarandre, men fleire av dei kjem òg ofte i konflikt med kvarandre. Krava kan tillempast både på innhalds- og uttrykkssida. Eg vil i dette innlegget berre ta for meg prinsippa 5 og 6, som eg oppfattar som dei viktigaste med tanke på uttrykksnormeringa, altså *termnormeringa*.

4.1 Språkstrukturelt samsvar

I internasjonal standardisering er det i dag eit grunnleggjande prinsipp at strukturen i kvart einskilt nasjonalspråk skal respekterast. ISO 704 seier såleis:

«A term should conform to the norms of the language in question.» (ISO 704:12)

Dette kravet er såleis òg eitt av dei konstante i dei skriftlege arbeida om norsk terminologiarbeid vi siterer, ved sida av prinsippet om eintydigheit (Roald 1985abc, 1987, Lydersen 1987ab, Vinje 1983 o.fl.). Kravet gjeld fire ulike nivå: uttale, ortografi, morfologi og semantikk. Krava til uttale og rettskriving, i noko svakare grad òg morfologi, er å sjå som *minimumskrav* når det gjeld innpassing av strukturelt problematiske ord i norsk, både i fagspråk og allmennspråk.

Kontroversielt vert dette først som følgje av termvalssituasjonen: Minimumstilpassing kan få status av strategi, i tevling med meir radikale løysingar. Vi kan tala om ein motsetnad mellom «direkte-lånsstrategi» og «avløysingsstrategi», ofte framstilt som ein motsetnad mellom *tilpassing* og *motivasjon*. I Norsk termbank si sjølvforståing er *motivasjon* det overordna prinsippet. I ymse bidrag av Finn-Erik Vinje (1983, 1988) finn vi derimot ei meir kritisk innstilling til *motivasjon*. Han legg sterkare vekt på dei positive verknadene av *tilpassing*, m.a. ut frå omsynet til harmonisering og attkjenning via framandspråka (jf. Lydersen 1987 ovanfor):

«Begrepet 'cracking' er blitt til både molekylspalting og krakking. Det første alternativet er veldig beskrivende, men jeg synes krakking er bedre fordi det ligger nærmere opp til det engelske uttrykket» (Vinje 1988)

Kravet til *semantisk* strukturell innpassing ser ut til å ha ein noko svakare status, det er ikkje fullt så ofte nemnt. Den som har behandla dette grundigast i norsk samanheng, ser ut til å vera Jan Roald, som drøftar ei rad dørne på feil innpassing i norsk (1986, 1987b), hovudsakleg to typar: a) «falske vener» av typen *feed pump* > *fødepumpe* > *matepumpe*, b) mekanisk overføring av semantisk motivasjon (mest metafordanningar) av typen *rathole* > *rottehull* > *drivrørshylse*. Problemet er altså særskilt aktuelt for *ny* og *spontant importert* terminologi frå engelsk. Det er der interferensproblema er særleg akutte – men så er det vel òg slik terminologi det finst mest av.

Her kan vi gjera eit hopp attende til det vi tok til med, nemleg det vitskapelege dilemmaet mellom *deskripsjon* og *preskripsjon* som terminologilæra slit med i særleg høg grad. Ein kan då hevda at språkpreskripsjon skal byggjast på forsvarleg deskriptiv erkjenning, m.a.o. at ein ikkje skal preskribera på tvert av det ein veit om korleis språket faktisk fungerer. I lys av dette kan mykje av den internasjonale debatten om 'motivasjon' lett te seg som ei krenking av denne påstanden. 'Motivasjon' kan sjåast som ein motpol til «naturleg utvikling». Fagspråkleg forskning tyder på at semantisk motivasjon av typane metaforikk og metonymi er ei av dei viktigaste kjeldene til termdanning (t.d. Sager 1980), og likevel ser vi at denne typen motivasjon ofte vert frårådd eller nedvurdert i internasjonal standardisering (t.d. DIN 2330).

Det same må vi kunna hevda om lån, særleg slike lån som overfører semantisk motivasjon. Når Roald (1987b:97) seier om typen *rottehull* at «i en naturlig dannelsesprosess ville betegnelsen aldri bli lansert, i motsetning til f.eks. 'drivrørshylse'», så er dette òg eit argument som gjeld «det naturlege». Argumentet krev såleis ei presisering i retning «innspråkleg». Det let seg jo forsvara å kalla den typen leksikalsk vokster som oppstår gjennom språkkontakt og interferens for «naturleg». At ein term er semantisk-strukturelt misdanna er ikkje noko hinder for at den kan «fungera», t.d. gjennom fagspråkleg usus åleine.

Ein viktig grunn til å leggja vekt på kravet til semantisk samsvar, har med kriteriet *gjennomsikt* å gjera. I *Oljeordliste* kan t.d. termen

pigg, av engelsk *pig*, stå som døme på tilpassing, medan termbank-ekvivalenten (*rense*)*plugg* harmonerer meir med kravet til gjennomsikt (jf. nedanfor). Den største mangelen med termar av denne typen er ofte at det oppstår *falsk* gjennomsikt, misvisande assosiasjonar fordi a) direktetilpassinga bryt kravet til monosemi, då *pigg* eksisterer som leksem frå før, og b) fordi den resulterande polysemien er *irregulær* og *usystematisk*, m.a.o. eit semantisk strukturbrot. (Allmennordet *pigg* har faktoren [+Spiss], fagtermen EN *pig* har faktoren [+Butt], jf. *plugg*). Kravet til gjennomsikt kviler i svært høg grad på at tilhøvet mellom leksikalsk grunntyding og fagspråkleg aktuell tyding er strukturelt systematisk (jf. Teleman 1979:83f., dessutan Hegland 1982:16).

4.2 Gjennomsikt, sjølvforklaringssevne

Det interne prinsippet som kanskje har skapt dei aller største diskusjonane både i norsk og internasjonalt terminologiarbeid, er kravet om at termar skal vera «beskrivande», «gjennomsiktige», «sjølvforklarande», «utsegnskraftige» eller som det svært ofte heiter: *motiverte*. Særleg i tyskspråkleg terminologitradisjon har dette kravet vore så mykje diskutert at nokre har tala om ei «aksiomatisering» av det (NOTE: Mange atterhald og utdjupingar og referansar finst i Myking 1989c, og dei kan ikkje alltid attgjevast her) I ISO 704 har det i dag denne utforminga, assosiert med omgrepet *accuracy*, «nøyaktigheit» (jf. kravet 'presisjon' ovanfor):

«A term should reflect as far as possible, the characteristics of the concept which are given in the definition» (ISO 704:12)

Vi kan her berre skilja ut og drøfta nokre få av dei tillempingane som har vore gjorde av dette kravet:

- a) Kravet kan lett verta identifisert med ei *puristisk* haldning, noko likt «ordlaging på heimleg grunn». Det fell dermed òg langt på veg saman med det vi har kalla semantisk-strukturell innpassing.
- b) Kravet impliserer at leksikalske element frå «daglespråket» skal utnyttast terminologisk, fordi tolkinga av «dagleg» = «heimleg». Kravet til motivasjon kan dermed knytast tett til ei «fagekstern»

motivering for terminologiarbeid, og til det vi ovanfor kalla *sosialt* motivert purisme, jf. *Retningslinjer*:8f., punkt 1 og 2. Vinje 1983:18 koplar idealet om gjennomsikt med idealet om «språkleg demokratisme» (etter Karl-Hampus Dahlstedt), og legg med det ei negativ lading inn i ordet.

c) Kravet står såleis i rak *motsetnad* til direktelåns- eller tilpassingstrategien. Det er denne tillempinga som har vore mest diskutert, og i norsk samanheng står eit bidrag som Vinje 1983 i rak motsetnad til ideologien frå miljøet ved Norsk termbank, jf. Petroleumsordliste (føreord) og t.d. Myking 1989.

d) Kravet er *kommunikativt* grunna, ikkje kulturelt, og må forståast som *innhaldsmotivering*: Omgrepet motiverer uttrykket, dvs. termen, og uttrykket skal såleis gje lett tilgjenge til omgrepet fordi sentrale semantiske faktorar er nytta som termdanningsselement (jf. ISO 704 ovanfor). Motiverte termar oppnår ein derfor først og fremst gjennom dei morfologiske prosessane *avleiing*, *samansetjing* og *leksikalsk frasedanning*, og gjennom *omsetjingslån* av ledd-delte førelegg.

Essensen i desse fire punkta finn vi att i dokumentet *Retningslinjer*, som både prioriterer og grunnjev:

«a) Finne en norsk avløser [...] b) Oversettelseslån [...] c) Fornorske skrivemåten [...] Det ligger en prioritering i rekkefølgen. Som regel vil det være bedre å finne en norsk avløser for en fremmed term enn å fornorske skrivemåten. Det er f.eks. bedre å bruke *tilgang* enn *eksess* [sic] (engelsk: access), fordi *tilgang* er lettere å forstå for nordmenn» (RTT *Retningslinjer*:8)

Eit slikt innhald i motivasjonsomgrepet som det vi no skisserer, plasserer RTT – gjennom dokumentet *Retningslinjer* – og Norsk termbank om lag i same ideologiske posisjon, og det er ikkje særleg uventa: Begge representerer ein hovudstraum i norsk språkkultur.

'Gjennomsikt' grunna på sosialt motivert purisme kviler såleis på ein *pragmatisk* motsetnad mellom *kjent* og *ukjent*. Denne motsetnaden *kan* som nemnt falla saman med tradisjonell purisme, som meir byggjer på estetisk-kulturelle motsetnader av typen «heim-

leg:framand» eller «rein:urein», men *treng* ikkje gjera det. Språkrein-
sing kan t.d. føra med seg oppliving av eldre eller utdøyde ordele-
ment, og det ville ein tradisjonell terminolog ha vanskeleg for å kalla
'gjennomsikt': Kva som er «kjent» må avgjerast i høve til noko.
Uansett om referansepunktet då vert den *allmenne* eller den
faginterne språkkjensla, så kan eldre språkmønster (eller for den del
dialekttilfang!) falla utanfor.

Syntesen av sosial purisme, kravet til gjennomsikt (motivasjon)
og respekten for semantisk struktur kunne vi formulera som eit
«morsmålsstandpunkt». Her står norsk terminologiarbeid i ein trygg
norsk tradisjon. I tidlege, sentrale arbeid om norsk oljeterminologi
vert det såleis lagt sterk vekt på å unngå framandord av alle slag,
fordi dei kan gje

«alvorlege avlæringseffektar. Med avlæring meiner me her ein
situasjon der eit menneske vert [h]indra i å nytta den enorme
kunnskapen om verda som det har koda inn i morsmålet sitt.»
(Hegland 1982:63)

Dette høyrer såleis til den grunnleggjande ideologiske ballasten som
har vore drivkrafta for terminologisk fornorsking dei siste 10–15 åra.
Motsetnaden til slik avlæring er altså «motivasjon som usynlig
læringsteknikk» (Flydal 1983:102f.), og det fell saman med det vi har
sagt om sosialt motivert purisme ovanfor. Kjerna i kravet til
gjennomsikt og motivasjon er såleis at nye omgrep skal falla inn i
språkstrukturen på ein organisk måte. På dette punktet skil ikkje
lingvistisk orienterte terminologar lag med språkrøktarar eller
språkpedagogiske miljø. (Jf. Hegland 1982, Flydal 1983 og Roald
1985, 1986, 1987b.)

Dette tyder ikkje at ikkje dette «morsmålsstandpunktet» kan
problematiserast, ut frå lingvistiske kriterium. Ein kan òg lett setja
det i samband med språkleg-kulturelle førebilete utanfor vårt eige
språksamfunn. Og det er grunn til å spørja om dette «morsmåls-
standpunktet» fører med seg at gjennomsikt må gjennomførast i kvar
einskild term, m.a.o. om det er ein absolutt overordna verdi.

Uttrykket 'motivasjon' dekkjer to ulike omgrep: a) Det vanlege
lingvistiske, motstykket til 'arbitraritet', som er eitt av dei vesentlege

kjennemerka ved naturleg språk. b) Det terminologiske, lik kravet til 'gjennomslukt'. Tyding (b) er altså ikkje nokon negasjon av prinsippet om arbitraritet, slik ein lett kunne tru.

Det er ei språkvitenskapleg grunnsetning at 'motivasjon' i tyding (a) ikkje er noko vesenskjeneteikn ved naturleg språk, sambandet mellom lyd og omgrep er vilkårleg (arbitrært). Motivasjon i tyding (b) er såleis heller ikkje noko nødvendig vilkår for at eit ord skal kunna ha den tydinga det har, eller at denne tydinga skal verta oppfatta av språkbrukaren. Det er det konvensjonaliserte sambandet mellom uttrykk og innhald som skaper teiknet. Dei ulike omgrepa kan skapa kommunikativ støy mellom lingvistar og terminologar. Dette kan gje næring til den type kritikk som går ut på at terminologiens teori har ei statisk språkoppfatning og ikkje tek omsyn til korleis naturleg språk fungerer.

Her spelar det nok inn at i internasjonal preskriptiv debatt, særleg slik den har gått føre seg på tysk språkområde, har motivasjon stort sett vore tolka som *morfologisk* motivasjon. *Fonetisk* motivasjon har vore avvist som ikkje-produktiv og stilistisk markert (ekspressivt). *Semantisk* motivasjon har ofte vorte avvist som stilistisk markert, konnotativt belasta og dessutan utan evne til å gje assosiasjonar til omgrepet på ein nøytral, *rasjonell* måte (for kritikk, jf. t.d. Gläser 1989). (Hegland 1982:15f. tek opp same problemet, uttrykt i dikotomien «folkeleg»-«akademiserande».)

Dette kan berre forklarast med at morfologisk motivasjon høyrer til dei sentrale ordlagingsmekanismane i språk av vår type. I tillegg til at ord av typen samansetning har høgast grad av innhaldsmotivering (gjennomslukt), er dei som kategori *stilistisk* umarkerte saman med t.d. direktelån og metaforar. Såleis er det òg denne typen ordlagning som er lettast å preskribera i *styrt* ordlagning, der *fageksterne* omsyn og aktørar medverkar. Nemningar skapte gjennom metaforikk oppstår på ein heilt annan måte *spontant* og *faginternt*, hjå fagfolka sjølv. Og det er når slike høgst naturlege prosessar vert «proskriberte», ut frå meir eller mindre språkleg-rasjonalistiske grunngravingar, at meir deskriptivt orienterte lingvistar får problem. Men det er rimeleg å tru at di sterkare ein språkkultur legg vekt på språkplanlegging og språkstyring, di sterkare vekt vil ein leggja på denne typen ordlagning i høve til meir avvikande, «markerte» ordlagings- og

ordtilpassingsprinsipp. Det er dette som forklarer den følgjande undringa over ordet *kneadb-maskin* som avløyser for *laptop* (*Språknytt* 1-1990):

«Vi hadde litt sans for *kneadb* [...] Men det er liksom ikkje så godt å slå fast at *det* skal det heita. Kanskje journalisten treffe det betre enn vi som sit her med språkmeiselen og skal meisla nye ord?»

Til dette kulturelle omsynet kjem eit meir typologisk. I naturleg språk er som nemnt eigenskapen motivasjon (tyding (a)) underordna prinsippet om arbitraritet (etter Saussure). Ei vanleg oppfatning går ut på at det finst ein balanse mellom det motiverte og det arbitrære. Begge delar finst i ulike proporsjonar i det totale leksikonet i eit språk. Sameleis er det ein slags balanse i realiseringa av motivasjon: Det er såleis ei vanleg meining (t.d. Stephen Ullmann) at *engelsk* språk kompenserer mangelen på *morfologisk* motivasjon med auka bruk av *semantisk*, som metaforikk og metonymi. I morfologirike språk vert meir av den semantiske strukturen reflektert i uttrykket, medan leksikonet i språk som fransk og engelsk i høgare grad er ei liste av «merkelappar». Både av kulturelle og typologiske årsaker er det såleis nødvendig å nytta høgare grad av morfologisk motivasjon i tysk enn i engelsk, når lån frå engelsk skal handterast. Kvar grensa går mellom kultur og typologi, er derimot uklårt. At det finst ein karakteristisk skilnad mellom tysk og engelsk med omsyn til samansetjingsevne, er i samsvar med gammal lingvistisk intuisjon. Men skiljet i språkstyringskultur er vel like markant, og det er greitt nok kva språk og språksamfunn det norske har mest til felles med av desse to.

I dette biletet kan vi plassera viktige delar av fornsorkinga av oljespråket. Innanfor fagområdet *oljeboring* får ein slike typiske sett, der utviklinga frå venstre mot høgre illustrerer aukande *styring* med termdanninga:

<i>Engelsk</i>	<i>Oljeordliste</i>	<i>Gullfaks</i>
rathole	rottehull	drivrørshylse
mousehole	musehull	rørkoplingshylse
pig	pigg	(rense)plugg

Kravet til gjennomskikt er som nemnt grunna i omsynet til forståing og effektiv innlæring av omgrepsinnhald. Det er derfor, som Teleman (1979:87) seier, først og fremst eit *mottakarorientert* krav. Det er *postulert*, men ikkje empirisk undersøkt, at gjennomskikt aukar evna til innlæring av store termmassar. Det som har gått føre seg t.d. i oljebransjen, er jo nett ei stor og snøgg terminologi- og kunnskapsoverføring, og både norsk allmennspråk og store brukargrupper står på ein måte på mottakarsida. Frå mottakarsida kan vi såleis sikkert identifisera omsynet til gjennomskikt med omsynet til «fag-kommunikativ effektivitet», medan t.d. kravet til *usus* og *økonomi* kan vera overordna sett frå sendarsida:

«Den talandes intresse av enkla morfem i stället för «genomskinliga» ord står i strid med den inlärandes önskemål»
(Teleman 1979:87)

Dette dilemmaet er velkjend i alt terminologiarbeid. Det er såleis heilt symptomatisk at Lydersen (1987ab), som skriv med faginnskikt om eit veletablert terminologisk felt, ikkje nemner kravet til gjennomskikt i det heile. Sett i ein større samanheng vert både det norske språksamfunnet som heilskap og oljefagfolka som spesialistgruppe å rekna som *mottakarar* når mengda av terminologiske lån er så stor som tilfellet har vore. Kravet til *kortsiktig* forståing og innlæring er då primært, og dette forklarar nok at gjennomskikt er så høgt prioritert.

Vektlegg ein gjennomskikt i arbeidet med einskildtermar, sikrar ein samstundes høgare grad av semantisk samanheng i den *totale* termmassen. Dette er ikkje det same som at gjennomskikt må og kan oppnåast i kvar einskild term, fordi ein semantisk koherent ordmasse alltid toler ein viss porsjon ugjennomskiktige innslag. Dermed kan ein

heller ikkje nytta mangel på gjennomsikt som argument mot *einskildtermar* utan å argumentera ad hoc.

5. Avslutning

Som nemnt kan dei fleste interne normeringsprinsippa isolert sett vera fagkommunikativt effektive. Ut frå drøftinga av krava til strukturell innpassing og gjennomsikt kan vi likevel no nærma oss eit svar på det spørsmålet vi stilte i innleiinga, om norsk terminologiarbeid har ei fagintern eller ei fagekstern vektlegging. Jambfører vi desse to prinsippa med det fagterminologiske målet om «effektiv, internasjonal kommunikasjon mellom spesialistar», kan vi sjå eit «morsmålsstandpunkt» som eit hinder, ein siger for «fageksterne» omsyn over «faginterne». Men det som ser ut til å vera ei grunnleggjande haldning i norsk terminologiarbeid, det er at det allmenne er ein *føresetnad* for det spesielle, og ikkje noko *hinder*: Fullgod morsmålskompetanse er ein føresetnad for framandspråkskompetanse, og fullgod allmennspråkskompetanse er ein føresetnad for fagspråkleg kompetanse.

Eit slikt grunnsyn impliserer samstundes at fagspråk er eit *delfenomen* i høve til allmennspråk, ikkje utanfor og i motstrid, men *innanfor* som ei reindyrking av spesifikke behov. Det er dermed t.d. lov å reindyrka *kommunikative* omsyn utan å verta skulda for å ha eit språksyn som er «funksjonalistisk», «instrumentalistisk» eller liknande: Fagspråklege prinsipp gjer ikkje nødvendigvis krav på vera gyldige for alle delar av allmennspråket. Det er lov å reindyrka eintydigheit i fagspråk, utan at ein reknar mangtydigheit som uønskt i andre språkbrukssamanhengar.

Dette resonnementet gjer det altså vanskeleg å hevda at terminologisk ordnormering er noko autonomt i høve til vanleg ordnormering. Og det vi sei er om normeringsprinsipp, har vi tidlegare komme fram til om sjølvle disiplinen terminologi: Noko «autonomt» i høve til «vanleg» språkvitskap er han ikkje, men ein lingvistisk disiplin med høg nytteverdi er han tvillaust.

Litteratur:

- Christensen, Sigmund 1986: «Nynorsk teknisk fagspråk», *Norsk Tidend* 3-1986
- DIN 2330 1979: *Begriffe und Benennungen. Allgemeine Grundsätze*, Berlin/Köln
- Prozd, Ljubomir og Wilfred Seibicke 1973: *Deutsche Fach- und Wissenschaftssprache*. Wiesbaden: Brandstetter.
- Dyvik, Helge 1980: *Grammatikk og empiri. En syntaktisk modell og dens forutsetninger*, Bergen
- Felber, Helmut 1984: *Terminology Manual*, Paris 1984
- Felber, Helmut 1986: *Einige Grundfragen der Terminologiewissenschaft aus der Sicht der Allgemeinen Terminologielehre*, Infoterm, Wien
- Flydal, Einar 1983: *Oljespråk*, Universitetsforlaget: Stavanger/Oslo/Bergen/Tromsø
- Fraas, Claudia 1989: «Terminologiebetrachtung – Sache der Fachleute oder der Linguisten?», *Fachsprache* 3-4 1989
- Gläser, Rosemarie 1989: «Onymic Units in LSP Vocabularies and their Implications for Translation Theory, Terminography and LSP Onomastics», Laurén/Nordman (red.): *Special Language: From Humans Thinking to Thinking Machines*, Clevedon/Philadelphia: Multilingual Matters Ltd.
- Gunnarsson, Britt-Louise 1990: *Terminologi och allmänord i facktexter frå tre sekler*, manuskript, FUMS, Uppsala
- Hauschildt, Bent 1989: «Terminologi», *Hermes. Tidsskrift for sprogforskning*, 3/1989, Handelshøjskolen i Århus, Det Ervervs-sproglige Fakultet
- Hegland, Kåre og Per-Bjørn Pedersen 1982: *Petroleumsteknisk terminologi: Forprosjekt, Stavanger hausten 1981*, rapport, Rogalandsforskning.
- International standard ISO 704 Principles and methods of terminology*, 1987.
- International Standard ISO 1087 Terminology – Vocabulary*, 1990.
- International Standard ISO WD 919 Working Draft on the Preparation and Layout of Terminology Standards*, 1985.

- ISO Recommendation R 860 *International Unification of Concepts and Terms, 1st Edition*, 1987.
- Jacobsen, Tove og Jan Roald (red.) 1987: *Flerspråklig leksikografi og terminologi. Seminarrapport*, Bergen: Romansk institutt, Universitetet i Bergen, og Institutt for språk, Norges Handelshøyskole.
- Kocourek, Rostislav 1982: *La langue française de la technique et de la science*, Wiesbaden: Brandstetter.
- Kocourek, Rostislav 1981: «Prerequisites for an Applicable Linguistic Theory of Terminology», Savard/Laforge (red.): *Actes du 5e Congrès de l'[AILA], Quebec*
- Kuhn, Thomas S. 1970: *The Structure of Scientific Revolutions*, Chicago.
- Laurén, Christer og Marianne Nordman 1987: *Från kunskapens frukt till Babels torn. En bok om fackspråk*, Malmö: Liber.
- Loubier, Christiane 1989: «La terminologie appartiennelle aux terminologues», *Terminogramme* 52, 1989, Quebec.
- Lydersen, Aksel 1983: «Bør vi få et norsk »oljespråk«? *Språknytt* 4–1983.
- Lydersen, Aksel 1987a: «Terminologi i undervisningen av ingeniørfagstuderende», *Nordterm* 1987.
- Lydersen, Aksel og Ingrid Dahlø 1987b: «Refleksjoner over arbeidet med teknisk terminologi», Mæhle o.fl. (red.): *Fornyng og tradisjon. Språkvern og språkrøkt 1972–1988*, Oslo.
- Malmberg, Bertil 1959: *Nya vägar inom språkforskningen*, Stockholm
- Masterman, Margaret 1970: «The Nature of a Paradigm», Lakatos/Musgrave (eds.): *Criticism and the Growth of Knowledge*, Cambridge University Press
- Molde, Bertil (red.) 1976: *Fackspråk. En antologi*.
- Myking, Johan 1989a: «Cultural policy or specialized communication? Norwegian oil terminology in the eighties». Fallenstein/Ropeid (Herausg.): *Sprachpflege in europäischen Ländern*, Germanistisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Myking, Johan 1989b: «Term Harmonization, 'Selective Purism' and Language Autonomy. An «intra-national» case», Foredrag på *7th European Symposium on LSP*, Budapest 1989, *Småskrifter* 4–1989, Norsk termbank, UiB.

- Myking, Johan 1989c: *Omgrepet 'motivasjon' i terminologilæra. Innhald, bruk, konsekvensar*. Upubl. manus.
- Nikula, Henrik 1989: «Termen som tecken», *Nordisk tidsskrift for fagspråk og terminologi* 2-1989.
- Nordterm 1987*, rapport frå Nordterm-symposiet 1987, Oslo: Rådet for teknisk terminologi 1987.
- NTO = *Norsk teknisk ordbok*, 1981, Oslo.
- Nuopponen, Anita 1987: «Om terminologisk forskning och dess relation till de andra terminologiska aktiviteterna», *Nordterm 1987*.
- Olden, Asgeir 1985: *Juridisk Ordliste. Bokmål-nynorsk*, 2.oppl., Oslo.
- Oljeordliste*, Norsk språkråd og RTT, 1983.
- Papazian, Eric 1988: «Norsk og unorsk i 1980-åra. Om framandord i norsk i dag». *Mål og makt* 2-1988.
- Picht, Heribert og Jennifer Draskau 1985: *Terminology: An Introduction*, University of Surrey, Dep. of Linguistic and International Studies.
- Riggs, Fred 1989: «Terminology and Lexicography: Their Complementarity», *International Journal of Lexicography*, Volume 2 Number 2, Oxford.
- Roald, Jan 1985: *Terminologi og oversettelsesproblemer i oljesektoren*, manuskript.
- Roald, Jan, Johan Myking og Per-Bjørn Pedersen 1986: *Terminol. Sluttrapport fra et terminologisk prosjekt*, Norske språkdata 11, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Roald, Jan 1987a: «Leksikografi og terminologi: En sammenligning», Jacobsen 1987.
- Roald, Jan 1987b: «Barrierer i norsk terminologiarbeid», *Nordterm 1987*.
- Rondeau, Guy 1982: «Linguistics and Terminology», manus, Université Laval, Quebec.
- RTT Retningslinjer: *Retningslinjer for terminologiarbeid*, RTT, stensil, 1977.
- RTT52: *Ordbok for maling-, lakk- og trykkfargeteknikk*, Rådet for teknisk terminologi, Oslo 1986.
- Sager, Juan Carlos et al. 1980: *English Special Languages*, Wiesbaden: Brandstetter.

- Sager, Juan Carlos 1985: «Terminology and the technical Dictionary», R. Hartmann (ed.): *LEXeter '83 Proceedings*.
- Sigrún Helgadóttir 1987: «The Role of Subject Specialists in Terminological Activities in Iceland», Nordterm 1987
- Skadberg, Kåre 1987: «Prinsipp som er lagde til grunn for normeringa av nynorsk det siste tiåret», *Mål og medvit. Heidersskrift til Kjell Vends*, Oslo.
- Spang-Hanssen, Henning 1983: «Kommunikation og fagsprog», *Språk i Norden 1983*.
- Svindland, Arne 1987: «Terminologi i anvendt lingvistisk perspektiv», Jacobsen 1987.
- Teleman, Ulf 1979: *Språkrätt*, Lund.
- Vikør:NOTAT: [Om termproblem i RTT52], Norsk språkråd.
- Vikør, Lars S. 1988: *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*, Oslo.
- Vikør, Lars S. 1990: «I staden for -heit. Ein studie i syntaktisk purisme», *Maal og Minne* 1-2 1990.
- Vinje, Finn-Erik 1983: «Fagspråk i mediesamfunnet», *Språk i Norden 1983*.
- Vinje, Finn-Erik 1988: [innlegg] *FOP-nytt* 1/88.
- Wüster, Eugen 1985: *Einführung in die allgemeine Terminologielehre und terminologische Lexikographie*, København.